



AS BOLAKS  
Fusavegen 281  
5640 EIKELANDSOSEN  
Att.Sondre Soma Pohl

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Tom N Pedersen, 5557 2119

## Utvida fôringsperiode for AS Bolaks på lokaliteten 24995 Nystølvågen i Bjørnafjorden

Vi viser til søknad frå AS Bolaks datert 14.03.2022 om utviding av fôringsperioden på lokaliteten Nystølvågen i Bjørnafjorden kommune.

Utsleppsløyvet datert 10.12.2021 gjeld for inntil 75 tonn fôr i perioden januar til mai.

Som det går fram av vurderinga då utsleppsløyvet vart gitt er Lygrepollen ein avgrensa resipient. Det er viktig at det samla forforbruket ikkje overstig ramma i løyvet. Statsforvaltaren godkjenner utviding av fôringsperioden ut frå den grunngevinga som er gitt i søknaden.

Med helsing

Kristine Hetlesæter  
Rådgjevar

Tom N Pedersen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

VESTLAND FYLKESKOMMUNE  
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Postboks 7900  
Postboks 24

5020  
5649

BERGEN  
EIKELANDSOSEN

## Søknad utvidet fôringsperiode Nystølvågen 24495

Statsforvalteren Vestland  
Att: Tom N. Pedersen  
fmhotnp@statsforvalteren.no

14.03.22

Den 10.12.21 fikk AS Bolaks innvilget nytt utslippsløyve med tillatelse til fôrforbruk på 75 tonn i fôringsperiode januar til mai hvert år. AS Bolaks søker nå om utvidet fôringsperiode til september.

Bakgrunn for søknad om utvidelse er bedre utnyttelse av kapasitet og ivaretagelse av biosikkerhet. Det er den siste perioden registrert flere hendelser med ILA-smitte hos stamfiskleverandører. AS Bolaks er en viktig leverandør av rogn til det norske markedet.

Hoveddelen av fôrforbruk vil foregå mellom januar til mai. Deretter estimerer vi en halvering i perioden mai til september. For å overvåke miljøbelastning på resipient er det utarbeidet en overvåkningsplan. Overvåkningsplan er sendt inn 27.01.22 og godkjent av Statsforvalteren. Overvåkningsplanen vil om søknaden blir innvilget forlenges til 30. september.

Med vennlig hilsen/Kind regards

**Sondre Soma Pohl**  
Kvalitets- og HMS-leder /QHSE-Manager  
+47 40298482  
AS Bolaks  
[sondre@bolaks.no](mailto:sondre@bolaks.no)



[www.bolaks.no](http://www.bolaks.no)



Likelydande brev til:

AS BOLAKS

Vestland fylkeskommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom N Pedersen, 5557 2119

## Svar på søknad om endra utsleppsløyve for lokaliteten 24995 Nystølvågen i Bjørnafjorden kommune

---

**Statsforvaltaren gir AS Bolaks løyve til auke i forbruk på lokaliteten på lokaliteten 24995 Nystølvågen i Bjørnafjorden kommune. Det endra løyvet gjeld for inntil 75 tonn for i perioden januar til mai. Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16**

**Det er sett vilkår om miljøovervaking av resipienten Lygrefollen.**

---

Vi viser til søknad frå AS Bolaks datert 16.06.2021 og oversendt frå Vestland fylkeskommune den 29.06.2021. AS Bolaks hadde møte med Statsforvaltaren 11.06.2021 der dei presenterte den faglege bakgrunnen for søknaden om endra utsleppsløyve.

### Vedtak

Statsforvaltaren gir AS Bolaks løyve til forureinande verksemd. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16, og erstattar løyvedokument frå 15.01.2015.

Løyvet gjeld frå 30.11.2021. Løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.

AS Bolaks skal betale eit gebyr for Statsforvaltaren si sakshandsaming. Gebyret er fastsett til 16 900 kroner. Vedtaket om gebyr er gjort etter forureiningsforskrifta § 39-4.

---

E-postadresse:

[sfvipost@statsforvalteren.no](mailto:sfvipost@statsforvalteren.no)

Sikker melding:

[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger

Statens hus, Kaigaten 9, Bergen

Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

[www.statsforvalteren.no/vi](http://www.statsforvalteren.no/vi)

Org.nr. 974 760 665



## 2 Kort om bakgrunnen for saka

AS Bolaks søker om å få endre utsleppsløyvet til å gjelde for bruk av inntil 75 tonn fôr. AS Bolaks skriv at dei no skal nytte eit fôr som er spesialutvikla for stamfisk. «*Det er eit fôr som er gjennomgåande vesentleg meir fordøyeleg for fisken*». Auke i fôr skal etter berekningane ikkje føre til auke i sedimenterbart organisk materiale. Det blir auke i utslepp av løyste nærings salt. Det blir fôring frå januar til mai, i ei tid på året då vass temperaturen enno er låg.

Lokaliteten er plassert lengst sør i Sundfjorden i Lygrefollen. Lokaliteten vart først etablert som eit settefiskanlegg på Nystølen (1993), som seinare vart gjort om til stamfiskanlegg, med etablering av merder i sjø i 2005. Gjeldande utsleppsløyve er gitt for ein fôrmengd på 45 tonn. Det har blitt gitt mellombels løyve til utviding av utsleppsløyvet ved fleire høve. Utsleppsløyvet vart utvida 90 tonn fôr i 2013 og 2014, og 60 tonn fôr i 2015. Lokaliteten låg brakk eit par år som følgje av sjukdomsutbrot i 2016.

### 2.1 Korrespondanse

AS Bolaks presenterte innhaldet i søknaden i møte med Statsforvaltaren den 11.06.2021. Søknaden vart oversendt Statsforvaltaren frå Vestland fylkeskommune den 16.06.2021.

### 2.2 Rettsleg utgangspunkt

#### 2.2.1 Forureiningslova

Når Statsforvaltaren vurderer om det skal gjevast løyve til forureinande verksemd, og eventuelt på kva vilkår, skal vi legge vekt på ulempene ved tiltaket som er knytte til forureining haldne saman med fordelar og ulemper tiltaket elles vil føre til jf. forureiningslova § 11 siste ledd. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad verksemda det er søkt om løyve for er akseptabel sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova .

#### 2.2.2 Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova ligg til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggast til grunn som retningsliner når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

#### 2.3.3 Vassforskrifta

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at myndigheitene skal syte for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

#### 2.3.4 Nasjonalt prioriterte stoff

Noreg har eit mål om å stanse utslepp av helse- og miljøfarlege stoff. Utslepp av stoff og stoffgrupper på den nasjonale prioritetslista skal reduserast vesentleg og på sikt stansast (sjå vedlegg 1 i løyvet).



### 2.3.5 Konflikter med naturmangfold og friluftsliv

Statsforvaltaren er statleg fagmyndigheit for naturvern-, friluftsliv-, vilt- og laksefiskeinteresser på regionalt nivå. Vi skal i akvakultursaker gi ei fråsegn til Vestland fylkeskommune om konflikter som etableringar eller endringar av akvakulturanlegg kan få for desse interessene. Statsforvaltaren si fråsegn til fylkeskommunen er ikkje eit vedtak, men skal gi miljøfagleg saksopplysing innafør våre ansvarsområde til fylkeskommunen si handtering av saka etter akvakulturlova.

## 3 Statsforvaltaren si vurdering

### 3.1 Grunngeving for vedtaket

#### 3.1.1 Fordelar og ulemper

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Produksjonen har utslipp av fôrrestar, ekskrement frå fisken, kopar frå impregnerte nøter og andre kjemikal og framandstoff (inkludert legemiddel) som påverkar det marine miljøet. Støy og lys kan vere til sjenanse for naboar og naturmangfold.

#### 3.1.2 Prinsippa i naturmangfoldlova og krava i vassforskrifta

Auke i fôrforbruk frå 45 tonn til 75 tonn kan gi risiko for at miljøet kan bli utsett for negativ påverknad. Statsforvaltaren vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfoldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Lygrepollen har ikkje andre kjende utslippssjelder enn havbruk og spreidde fritidsbustader. Det vil skje ei lita auke i utslipp av næringssalt i høve til gjeldande løyve, men noko mindre enn tidlegare mellombelse løyve (naturmangfoldlova § 10). Det er likevel ikkje noko som tyder på at utslappa frå produksjonen vil endre heile vassførekosten sin miljøtilstand, eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje kan nåast.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfoldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfoldlova § 11.

AS Bolaks pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfoldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag.

#### 3.1.3 Vurdering

AS Bolaks skal no ta i bruk eit fôr som skal gje mindre utslipp av organisk materiale som kan sedimentere under anlegget. Det blir søkt om å nytte 75 tonn fôr. Det er ei mengd som er lågare enn tidlegare maksimale forbruk (2015). Statsforvaltaren er ikkje uroa for at det omsøkte fôrforbruket med ny førsamansetjing skal føre til redusert miljøtilstand under merdane.

Utsleppa av næringssalt vil i hovudsak skje til dei øvste vasslaga, der det er betre vassutskifting enn ved botnen. Mogleg effekt på miljøet kan vere auke i primærproduksjonen i Sundfjorden med eutrofieringseffektar i denne delen av Lygrepollen. Vi reknar det som lite truleg at heile vassførekosten skal kunne blir påverka av utslippet i Nystølvågen.



Algeveksten er avhengig av tilgang på næringsstoff, lys og temperatur. I perioden januar til mai er vassstemperaturen enno låg, medan dagane blir lenger og gir auke lysmengd. Vi legg til grunn at ein del av næringsstoffa er blitt fortynna til heile Lygrepollen, og til dels ført ut av Lygrepollen med tidevasstraumane før det blir gunstige temperatur og lystilhøve for auka algevekst.

Denne søknaden gjeld auke i fôrforbruk i eksisterande anlegg. Konsekvensar for friluftsliv blir vurdert til å vere uendra då det ikkje skjer endring i arealbruk. Dei registrerte naturverdiane i området er knytte til område på land som ikkje blir påverka av denne endringa i utsleppa til sjø. Det er ingen registrerte naturverdiar i databasane våre som vil kunne blir påverka av dette løyvet.

### 3.1.4 Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at miljøpåverknaden frå endra løyve med tillating til auke i fôrforbruk skal kunne vere akseptabel sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulemperne ved anleggsendringane samanstillt med fordelar og ulemper desse elles vil medføre, gjev vi løyve til endring på nærare fastsette vilkår.

## 3.2 Grunngeving for utvalde vilkår

### *Overvaking av miljøtilstanden i resipienten (vilkår 4.1 løyvet)*

Alle akvakulturlokalitetar skal overvakast etter NS9410:2016. For lokaliteten Nystølvågen er dei naturgitte tilhøva slik at C-gransking ikkje er eigna. Vår vurdering er at B-granskingane er eigna til overvaking av botnpåverknad i produksjonsområdet. Det er svak straum på lokaliteten, og utslepp av nærings salt kan potensielt føre til lokal eutrofiering. Om overvaking av utsleppet skriv AS Bolaks i søknaden: *Vi ser for oss å overvake algevekst i denne tida med eksempelvis å ta vassprøvar nær overflata og måle klorofyll-a. Dersom vi måler parallelt på 3 lokalitetar, ved anlegget, midt i Lygrepollen og utanfor pollen. Då kan vi sjå om variasjonane viser mønster som tyder på påverknad frå anlegget eller felles naturleg variasjon. Ut frå kva bilde ein får av klorofyll-a kan det vere aktuelt å sjå nærare på samfunnet av organismar.*

Statsforvaltaren gjer ikkje vedtak om eit endeleg overvakingssystem på noverande tidspunkt. Framlegget frå AS Bolaks er eit godt utgangspunkt til vidare diskusjon. Framlegg til overvakingssystem skal sendast Statsforvaltaren innan 15. januar 2022.

## 4 Faktagrunnlag

### 4.1 Generelt om utslepp frå akvakultur

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle ureiningsfare.

#### *Organiske utslepp*

Produksjonen vil ha utslepp av spillfôr og fekaliar og andre avfallsstoff frå fisken sin metabolisme. Dette gir utslepp av oppløyste nærings salt og organiske partiklar. Nærings salt har gjødslande effekt på marine algar, medan partiklane sedimenterer og vert brotne ned av botnfauna. Utsleppa kan



endre artsdiversiteten og mengda individ hjå den marine floraen og faunaen både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

#### *Kjemikal og miljøgifter*

Produksjonen vil ha utslepp av legemiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel og nôtimpregneringsmiddel. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gi eit visst utslepp av enkelte prioriterte miljøgifter.

Forbruket av legemiddel til avlusing har endra seg over tid, både når det gjeld typar og mengder. Enkelte av desse kjemikala kan ha direkte negativ effekt på krepsdyr og andre marine organismar rundt akvakulturanlegg, og nokre av kjemikala er vanskelege å bryte ned, slik at dei kan finnast att i miljøet i lang tid etter bruk, og/eller kan ha særskadeleg effekt også på naturmangfaldet rundt anlegget. Kjemikala kan ha miljøverknad både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Anlegg som nyttar koparimpregnerte nøter har utslepp av kopar, som ikkje blir brote ned i sedimentet. Koparen blir verande i lang tid, også etter at anlegget er lagt ned. Koparnivåa kan bli svært høge i anleggsområdet, og i nokre tilfelle har vi også sett at koparnivåa over tid kan komme i konflikt med miljømåla i vassforskrifta for større område.

## **4.2 Tilhøvet til plan**

Det planlagde anlegget si plassering ligg innanfor område sett av til akvakulturføremål i arealplanen til gamle Fusa kommune, vedteken 15.10.2015.

## **4.3 Resipient og miljøtilstand**

I tillegg til miljødokumentasjon vedlagt i søknaden nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskjelder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder.

### **4.3.1 Sjøområdet som resipient**

#### *Naturgjevne tilhøve*

Lygrepollen er ein om lag 5,5 km<sup>2</sup> stor poll med eit trengt og grunt innløp og eit stort og djupt basseng. Innløpet i Grunnasundet er prega av kupert topografi med fleire grunner og djupåler som snor seg innover mot bassenget. Dette fører til at det ikkje blir tilstrekkeleg omrøring i vassmassane, og dei djupare partia av Lygrepollen har svært lite oksygen, jf. figur 1.


Terskeldjupet ved innløpet er kring 15 m. Resipientundersøkingar har synt at sprangsjiktet ligg rundt 20 m, derfrå og djupare er det sterk reduksjon i oksygenivået i vatnet. Heile Lygrepollen har nær oksygenfritt vatn frå omlag 40 til 50 m djupne og nedover. Resipientundersøkingar frå 1985<sup>1</sup>, 2013<sup>2</sup> og 2020<sup>3</sup> syner alle lik oksygenprofil. Lygrepollen har gode miljøtilhøve i dei øvste vasslaga, med godt utvikla tangbelte i heile pollen.

---

<sup>1</sup> Resipientundersøkelser i Fusa kommune, UiB, Inst, for marinbiologi, 1985

<sup>2</sup> MOM B-gransking av oppdrettslokaliteten Nystølvågen i Fusa kommune august 2013, Rådgivende Biologer AS

<sup>3</sup> B-undersøkelse for lokaliteten Nystølvågen, Åkerblå, 2020



**Figur 1:** Hydrografisk profil teken midt i Lygrefollen. Denne profilen samsvarar med alle tidlegare målingar.

#### Klassifisering i Vann-Nett

Vassførekomsten Lygrespollen-indre (ID-nr 0260050301-C i Vann-Nett) er i Vann-nett klassifisert som oksygenfattig fjord. Vassførekomsten står oppført med god økologisk og kjemisk tilstand. Kjende utslepp til Lygrefollen kjem frå stamfiskanlegget i Nystølvågen og frå spreidd busetnad.

#### Straumtilhøve


Straummålinga gjort på lokaliteten i 2013 med målingar på 5 og 15 meters djupner syner ein medel straumstyrke på høvesvis 1,1 og 1,0 cm/sek. Straumstyrken kan karakteriserast som svært svak. Det er ikkje gjort målingar på større djupner, men då dette er ein sterkt terskla fjord er det grunn til å rekne med at straumstyrken blir ytterlegare redusert på djupner under terskelnivå.

#### Lokaliteten Nystølvågen

Lokaliteten Nystølvågen ligg lengst sør i Lygrefollen, i fjordarmen Sundfjord. Stamfiskanlegget ligg lokalisert på djupner frå 20 til noko over 40 meter. Botnen er prega av stein og det er framleis restar av sagflis frå sagbruksaktivitet fleire tiår tilbake. Vassutskiftinga i dei øvste vasslaga er moderat, mest grunna låg straumstyrke.

Den nordlegaste delen av anlegget har djupner over 40 meter under anlegget. Her er det både lite oksygen og svært svak straum. Organisk materiale som sedimenterer på djupner med oksygenvinn, vert dårlegare omsett av naturlege prosessar på botnen.

B-granskingane på lokaliteten syner ein klar samheng mellom utfora mengd og skåre på B-granskinga, jf. figur 2.



**Figur 2:** Skåre på B-granskingane mot mengd fôr brukt før granskinga. Samanhengen er statistisk signifikant (Spearman's rho = 0,800, 0,01 > P > 0,005)

Lokaliteten har avgrensa kapasitet. Fordi produksjonen på lokaliteten har vore låg har miljøtilstanden hittil vore akseptabel. Alle B-granskingane har resultert i lokalitetstilstand 1 eller 2.

## 5 Klagerett

AS Bolaks og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket, inkludert gebyrsatsen. Ein eventuell klage bør innehalde ei grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg bør andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka takast med.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Gunn Helen Henne  
senioringeniør

Tom N. Pedersen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Bjørnafjorden kommune

Postboks 24

5649 EIKELANDSOSEN



Mottakarliste:

AS BOLAKS	Fusavegen 281	5640	EIKELANDSOSEN
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN



## Utsleppsløyve etter forureiningslova for BOLAKS AS

Statsforvaltaren gir Bolaks AS utsleppsløyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet gitt første gong 20. november 2009, seinare fleire endringar, siste gong 10.12.2021.

Ved endringar som kan ha noko å seie for miljøet, skal verksemda søkje om dette, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

### Data om verksemda

Akvakulturlokalitet <sup>1</sup>	<b>24495 Nystølvågen</b>	
Produksjonskapasitet	<b>Stamfisk av laksefisk med inntil 75 tonn fôrforbruk</b>	
Kommune og fylke	Bjørnafjorden i Vestland	
Verksemd	AS Bolaks	
Postadresse	Fusavegen 281, 5640 Eikelandsosen	
Org. nummer	930391328 (føretaksnr.)	(bedriftsnr.)
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

### Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2015.0147.TT	4624.0170.02	2019/6046- 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 3,142' N 05° 47,605' Ø	0260050301-C	Vest

Løyve gjeve fyrste gong: 20.11.2009	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: 15.01.2015	Dato for siste endring: 10.12.2021
Gunn Helen Henne senioringeniør	Tom N Pedersen seniorrådgjevar	

*Brevet er godkjent elektronisk og derfor inga underskrift.*

<sup>1</sup> Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

## Innhold

1. Produksjon .....	4
2. Generelle vilkår.....	4
2.1 Plikt til å redusere forureining .....	4
2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald.....	4
2.3 Tiltak ved auka fare for forureining.....	4
2.4 Internkontroll .....	4
3. Utslepp til vatn.....	5
3.1 Utslepp av fôr.....	5
3.2 Utslepp av medisin og kjemikalie.....	5
3.3 Sanitæravløpsvatn.....	5
4. Miljøovervaking og rapportering til Statsforvaltaren .....	5
4.1 Særskilte krav til overvaking i Nystølvågen.....	6
5. Utslepp til luft .....	6
6. Grunnforureining og forureina sediment .....	6
7. Støy .....	6
8. Energi.....	7
9. Avfall .....	7
9.1 Generelle krav.....	7
9.2 Handtering av medisin-, kjemikalierestar og anna farleg avfall.....	7
9.3 Handtering av produksjonsavfall og slam .....	8
9.4 Slamfjerning frå sjøbotn .....	8
10. Lagring av medisin og kjemikalie .....	8
11. Førebyggjande og beredskapstiltak mot akutt forureining .....	8
11.1 Miljørisikoanalyse .....	8
11.2 Førebyggjande tiltak .....	9
11.3 Rutinar for vedlikehald .....	9
11.4 Journalføring.....	9
11.5 Etablering av beredskap.....	9
11.6 Varsling om akutt forureining.....	9
12. Utskifting av utstyr .....	10
13. Eigarskifte.....	10
14. Nedlegging.....	10
15. Tilsyn .....	10
VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1 .....	11

## Endringslogg

Nr.	Dato	Punkt	Endringar
1	05.03.2012	1	Mellombels auke i MTB
2	14.01.2013	1	Mellombels løyve til bruk av 90 tonn fôr
3	14.01.2014	1	Mello,mbels løyve til bruk av 90 tonn fôr og ståande biomasse utvida til 370 tonn
4	15.01.2015	Alle	Mellombels utviding til 60 tonn fôr, samt oppdatering av alle vilkår i løyvet, og nytt løyvenummer.
5	10.12.2021	Alle	Oppdatert til Statsforvaltaren i Vestland
		1	Løyve for inntil 75 tonn fôr, krav til fôret si samansetjing
		2.1	Oppdaterte generelle vilkår med vedlegg 1
		4.1	Tillegg nytt punkt om krav til overvaking

## **1. Produksjon**

Løyvet gjeld forureining frå produksjon stamfisk av laks og aure utan grense for samla biomasse men med avgrensing i fôrforbruk på **75 tonn**. Fôring skal skje i perioden januar til mai kvart år.

Det settast krav til kameraovervaking ved fôring og liten maskevidde i not under botntelna ned til lift-up.

## **2. Generelle vilkår**

### **2.1 Plikt til å redusere forureining**

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet punkt 3 til 13. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppførte i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram gjennom uttrykkeleg regulering i punkt 3 til 12.

### **2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald**

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte, jf. internkontrollforskrifta § 5-7<sup>2</sup>.

### **2.3 Tiltak ved auka fare for forureining**

Dersom unormal drift eller andre grunnar fører til fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, og også om nødvendig, redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har ført eller kan føre til forureining. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 11.6.

### **2.4 Internkontroll**

Verksemda skal ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda følgjer opp krava i løyvet og i forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda skal halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikotilhøva. Internkontrollen må innehalde rutinar for registrering og dokumentasjon av produksjon, råstofforbruk, avfall osv. Eventuelle avvik frå gjeldande krav

---

<sup>2</sup> Internkontrollforskrifta. Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder

og korleis avvik blir følgt opp, skal også registrerast. Under dette skal registrering av klager på utslepp, lukt og støy inngå, og dessutan tiltak som er gjennomført i tilknytning til dette.

### **3. Utslepp til vatn**

#### **3.1 Utslepp av fôr**

Fisk skal ikkje overfôrast, eller fôrast på ein måte som kan medføre skade eller ulempe for det ytre miljøet. Verksemda skal bruke tørrfôr eller mjukfôr, eller fôr med tilsvarende gode eigenskapar med omsyn til oppløysning i vatn.

#### **3.2 Utslepp av medisin og kjemikalie**

Bruk og utslepp av medisin, pesticider, og desinfeksjonsmiddel skal verksemda gjere i samsvar med gjeldande regelverk/retningslinjer frå forureiningsmyndigheitene.

#### **3.3 Sanitæravløpsvatn**

Kommunen må godkjenne utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom m.m. i samsvar med gjeldane regelverk/retningslinjer frå forureiningsmyndigheitene.

## **4. Miljøovervaking og rapportering til Statsforvaltaren**

Bæreevna er kapasiteten lokaliteten har til å ta imot og omsette organisk stoff. Størst innverknad på bæreevna har straumen som spreiar partiklane frå anlegget utover og straumen nede ved botnen som fører oksygen til nedbrytningsprosessane og djupet.

Utslepp frå akvakultur skal ikkje føre til at organisk avfall skal akkumulere over tid og at gravande botndyr (benthos) ikkje kan leve under eller i nærsona av merdane. Botnpåverknad frå oppdrett er størst nær anlegga og blir raskt mindre med aukande avstand. I influensområdet utanfor nærsona til utslepp frå akvakulturanlegg i sjøvatn eller frå utsleppspunkt i sjø frå akvakultur på land, skal tilstanden for djupvatn, blautbotnsfauna og sediment vere god, tilstandsklasse II eller betre etter vassforskrifta.

Utslepp frå akvakultur skal ikkje gi dårlegare tilstandsklasse i øvre vasslag om sommaren enn naturtilstanden. Strandsona i nærleiken av ein lokalitet skal ikkje vere synleg påverka av utslepp eller anna forureining frå akvakultur. Verksemda skal utføre jamleg, risikobasert miljøovervaking med MOM B-undersøking for å dokumentere at ovannemnte blir haldt, jf. akvakulturdriftsforskrifta §§ 35 og 36.

Lokaliteten ligg inne i eit fjordsystem. Fjordlokalitetar synes å vere mest kjenslege for organisk belastning og ha mindre bæreevne samanlikna med lokalitetane ute på kysten. Lokaliteten er tildelt ein høg maksimal tillaten biomasse (MTB) og anlegget er forventa å gi vesentleg organisk belastning på lokaliteten. Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. Dei spesielle miljøtilhøva i Lygrefollen gjer at det kan bli sette krav om særskilte resipientgranskingar.

Resultat og data frå rapportar frå resipientundersøkingar etter dei frekvensane som går fram av NS 9410, skal verksemda sende elektronisk og til Statsforvaltaren i Hordaland. Statsforvaltaren registrerer data i databasen <http://vanmiljo.miljodirektoratet.no/> ved å

importere data på spesifisert format (Excel-importskjema). Importskjemaet og framgangsmåte finn de på nettsida <http://vanmiljokoder.miljodirektoratet.no/>.

#### 4.1 Særskilte krav til overvaking i Nystølvågen

Det er trong for overvaking av effekten av utslepp av næringssalt til Nystølvågen og mogleg effekt det kan ha for Sundfjord og Lygrepollen. AS Bolaks skal lage eit framlegg til overvakingsprogram innan 15.01.2022.

#### 5. Utslepp til luft

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre seg på ein slik måte at dei ikkje fører til luktulempar for naboar og lokalmiljø.

#### 6. Grunnforureining og forureina sediment

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemnande skadar eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar heile tida å ha oversyn over mogleg forureina grunn som finst på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal Statsforvaltaren varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen<sup>3</sup>/Statsforvaltaren.

#### 7. Støy

Anlegget skal verksemnda utforme og drive slik at det ikkje oppstår urimelege støyplager for omgjevnaden. Aktivitetar som medfører fare for spesiell støy, bør i størst mogleg grad gjennomførast innanfor vanleg arbeidstid frå måndag til fredag kl. 7–16.

Utandørs støy frå verksemnda ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar, målte eller rekna ut som frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden, skal ikkje overskride desse grensene:

Kvardagar	Laurdagar	Søn- og helgedagar	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 Lden	50 Lden	45 Lden	50 Levening	45 Lnight	60 LAFmax

Lden er A-vege ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

Levening er A-vege ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23–07.

Lnight er A-vege ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

<sup>3</sup> Jf. forureiningsforskrifta. Kapittel 2. Opprydning i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

LAF<sub>max</sub> er A-vege maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målte/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemnda skal halde seg innanfor alle støygrenser alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå anlegget, medrekna intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av dei tilsette i verksemnda, er ikkje omfatta av grensene.

## **8. Energi**

Verksemnda skal ha eit system for kontinuerleg vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon i anlegga. Energistyringssystemet skal vere i samsvar med norsk standard for energileiing og vere ein del av internkontrollen i verksemnda, jf. punkt 2.4.

## **9. Avfall**

### **9.1 Generelle krav**

Verksemnda pliktar, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at verksemnda fører til at det blir danna avfall. Særleg skal verksemnda avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemnda pliktar å syte for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsette i eller med heimel i forureiningslova, under dette avfallsforskrifta<sup>4</sup>.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal verksemnda søkje å få gjenbrukt i eigen produksjon eller i produksjonen til andre verksemder, eller – for avfall som kan brennast – søkje å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel vere i samsvar med gjeldande reglar fastsette i eller med heimel i forureiningslova og krav som er fastsette i dette løyvet. Brenning av avfall er ikkje tillate.

### **9.2 Handtering av medisin-, kjemikalierestar og anna farleg avfall**

Verksemnda skal handtere unytta restar av medisinfôr, antibiotika, pesticider eller andre spesielt miljøfarlege stoff (gjeld også emballasje) og anna farleg avfall i samsvar med gjeldande reglar for farleg avfall<sup>5</sup>. Det same gjeld for oppsamla fôrrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting, skal verksemnda sikre, slik at lageret ikkje fører til avrenning til grunnen, overflatevatn eller avløpsnett. Lageret skal også vere sikra mot avdamping av forureining til luft. Lageret skal dessutan vere sikra mot uvedkommande.

---

<sup>4</sup> Avfallsforskrifta. Gjenvinning og handtering av avfall

<sup>5</sup> Avfallsforskrifta. Kapittel 11. Farleg avfall

### **9.3 Handtering av produksjonsavfall og slam**

Død fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt o.l. skal verksemda handtere på ein slik måte at det ikkje oppstår forureining.

Anlegget skal ha beredskap for å kunne handtere massiv fiskedød.

Verksemda skal samle opp død fisk og raskt konservere han anten ved ensilering, frysing, e.l. Før fisken blir lagra på ensilasjetank, skal verksemda kverne han.

Verksemda skal levere ensilert fiskeavfall til godkjent anlegg for attvinning. Det er ikkje tillate å dumpe død fisk og anna avfall i sjøen. Det er heller ikkje tillate å grave han ned eller brenne han.

Alt slam frå reinseanlegg skal verksemda transportere til godkjent anlegg. Transporten skal skje på ein slik måte at det oppstår minst mogleg ulempe, lukt m.m.

### **9.4 Slamfjerning frå sjøbotn**

Dersom det må fjernast slam frå sjøbotnen, må verksemda søkje om eige løyve til dette. Skriftleg søknad som gjer greie for korleis slammet er tenkt transportert og disponert, skal sendast til Statsforvaltaren. På grunn av smittefare må verksemda varsle veterinærstyresmaktene.

Forskrift om organisk gjødsel regulerer bruk av oppsamla slam som ein ressurs.

## **10. Lagring av medisin og kjemikalie**

Medisin, pesticider, og kjemikalie skal vere lagra forsvarleg og slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell eller liknande ikkje blir slept ut, men blir samla opp.

## **11. Førebyggjande og beredskapstiltak mot akutt forureining**

### **11.1 Miljørisikoanalyse**

Verksemda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemda si, og vurdere resultatata med tanke på akseptabel miljørisiko. Verksemda skal kartleggje moglege kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft. Verksemda skal dokumentere miljørisikoanalysen og han skal omfatte alle tilhøve ved verksemda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på eller utanfor området til verksemda. Om produksjonstilhøva blir modifiserte og endra, skal verksemda oppdatere miljørisikoanalysen.

Verksemda skal ha oversikt over dei miljøressursane som ei akutt forureining, med dei helse- og miljøkonsekvensane ho fører med seg, kan få følgjer for.

## 11.2 Førebyggjande tiltak

På grunnlag av miljørisikoanalysen skal verksemda setje i verk risikoreduserande tiltak. Verksemda skal vurdere tiltak med tanke på å redusere sannsyn og konsekvensar. Verksemda skal ha eit oppdatert oversyn over dei førebyggjande tiltaka.

## 11.3 Rutinar for vedlikehald

Verksemda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg m.m., slik at desse alltid blir drivne mest mogleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemda drive førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

## 11.4 Journalføring

Verksemda skal registrere og journalføre følgjande data:

- fiskemengd
- mengd død fisk
- talet på rømt fisk
- fôrtype og fôrforbruk
- bruk av og type og mengd:
  - antibiotika
  - pesticider
  - andre kjemikalie
- mengd oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmetode
- avfallsmengd og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 3 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/inspeksjon.

## 11.5 Etablering av beredskap

Verksemda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining om det trengst. Beredskapen skal til ei kvar tid vere tilpassa den miljørisikoen som verksemda representerer. Minst ein gong i året skal verksemda øve på beredskapen mot akutt forureining.

## 11.6 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med gjeldande forskrift<sup>6</sup>. Dette gjeld til dømes akutte utslipp av antibiotika, kjemikalie og liknande. Verksemda skal også, så snart som mogleg, varsle Statsforvalteren i slike tilfelle på [sfvlpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvlpost@statsforvalteren.no).

---

<sup>6</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

## **12. Utskifting av utstyr**

Dersom verksemda skal skifte ut utstyr som gjer det teknisk mogleg å motverke forureiningar på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gitt, skal Statsforvaltaren få melding om dette på førehand.

Når verksemda byter ut utstyr skal det liggje til grunn at ein nyttar dei beste, tilgjengelege teknikkane med sikte på å motverke forureining.

## **13. Eigarskifte**

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal verksemda sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

## **14. Nedlegging**

Viss anlegget blir nedlagt eller verksemda stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren til ei kvar tid gjere det som trengst for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda på førehand og i rimeleg tid gi melding til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren kan fastsetje nærare kva tiltak som trengst for å motverke forureining.

Ved nedlegging skal verksemda syte for at driftsstaden blir sett i tilfredsstillande stand att med tanke på miljøet.

## **15. Tilsyn**

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheitene føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

## VEDLEGG 1 - Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter.

### Metall og metallsambindingar:

	<b>Forkortingar</b>
<b>Arsen</b> og arsensambindingar	As og As-sambindingar
<b>Bly</b> og blysambindingar	Pb og Pb-sambindingar
<b>Kadmium</b> og kadmiamsambindingar	Cd og Cd-sambindingar
<b>Krom</b> og kromsambindingar	Cr og Cr-sambindingar
<b>Kvikksølv</b> og kvikksølvsambindingar	Hg og Hg-sambindingar

### Organiske sambindingar:

<b>Bromerte flammehemmarar</b>	<b>Vanlege forkortingar</b>
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4' isopropyliden difenol)	TBBPA

### **Klorerte organiske sambindingar**

Dekloran pluss (syn og anti isomere former)	DP (syn-DP, anti DP)
1,2-Dikloretan	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C <sub>10</sub> - C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> - C <sub>13</sub> )	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C <sub>14</sub> - C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> - C <sub>17</sub> )	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloreten	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

### **Einskilde tensid**

Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

### **Nitromusksambindingar**

Muskxylen	
-----------	--

**Alkylfenoler og alkylfenoletoksylder**

Nonylfenol og nonylfenoletoksylder	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksylder	OF, OP, OFE, OPE
4-heptylfenoler (forgrenet og rettkjedet)	4-HPbl
4-tert-pentylfenol	4-t-PP
4-tert-butylfenol	4-t-BP
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

**Per- og polyfluorente alkylsambindingar (PFAS)**

Perfluoroktansulfonat (PFOS) og sambindingar som inneheld PFOS	PFOS, PFOS-relaterte sambindingar
Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og sambindingar som inneheld PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte sambindingar
Perfluorobutansulfonsyre (PFBS), inkl. salter av PFBS og relaterte sambindingar	PFBS, PFBS-relaterte forbindelser
Perfluoroktansyre	PFOA
Langkjeda perfluorente karboksylsyrer C9-PFCA – C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFOA, PFTDA, PFTeDA

**Tinnorganiske sambindingar**

Tributyltinnsambindingar	TBT
Trifenyltinnsambindingar	TFT, TPT
Dibutyltinnsambindingar	DBT
Dioktyltinnsambindingar	DOT

**Polisykliske aromatiske hydrokarboner**

PAH

**Ftalater**

Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Benzylbutylftalat	BBP
Dibutylftalat	DBP
Diisobutylftalat	DIBP

**Bisfenol A**

BPA

**Siloksaner**

Dodekametylsykloheksasiloksan	D6
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyklotetrasiloksan	D4

**Benzotriazolbaserte UV-filtre**

2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350